Erling Stadheim

Stadheimsvegen 99

6893 VIK I SOGN

MRLAND KOMMUNE – 41/44

**Eigedomsgrenser**

Eg viser til møte hjå dykk om eigedomsgrenser.

Slik eg ser det, er grensa mellom 44 og 43 på kartet ikkje i samsvar med terrenget/ gjerdet mellom eigedommane. Eg har difor tinga skyldelingsforretninga hjå Kartverket, kopi ligg ved.

Eg har då sett inn ny genselinje på kartet. Truleg er det slik ho er. Når det vert ver til det, vil eg freista avdekka krossane i terrenget slik skyldelingsprotokollen tilseier.

Bygga eg no søkjer om er uansett innanfor lovlege avstandane til naboar.

6.11.2017

Erling Stadheim

D 1

# SITUASJONSKART

MELAND KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Gnr/Bnr: | Gnr 41 Bnr 44 |
| Adresse: | |
| Eigar/søkar: | Erling Stadheim |
| Kvalitet : | FKB-B |
| Gjeldande plan : | Reguleringsplan |
| Planformål : | Fritidsbebyggelse |
| Vår referanse: | HOK |

Sign. .................................................

N

Målestokk: 1:500
Dato: 02.05.2017

Gjerde
Usikker eigedomsgrense
Målt eigedomsgrense

Bolighus
Andre bygg




## SITUASJONSPLAN

Tiltak

Underskrift Situasjonsplan    Dato

D2

Dagbok. nr. 2290/1951. v

Nr. 860. a.
På lager hos
SEM & STENERSEN A/S. OSLO
10-49

Til innhefting i panteboki.

# Skyldskifte.

Laur dag den 7. juli 1951 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Skorpenes

g.nr. 41 b.nr. 3 med skyld mark 0.17 i Melond

herad. Skyldskifte er kravt av Astrid og Reidy Skorpenes

som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene har gjeve skjønsmannslovnad, så nær som[2])

Alle har før gjeve skjønsmannslovnad.

Ved tenesta møtte[3]) For seljarane: Astrid Skorpenes
Kjøparen: Norvald Wie
Dei andre som var tilsagt møtte ikkje.

Mennene valde til formann Severin M. Håtuft

Dem fråskilde lut(en) av garden har desse

grensene: [4])

1. lina tek til med + i berg frå Furuh. br. nr. 43 går i retning med fotstegveg til Furuskjegg 25.5 m. i N.V. retning til + i berg, vidare 22.2 m. i N.O. retning til + i berg, derfrå 26.6 m. i S.O. retning til + i berg og fylgjer so merkeslina til br. nr. 43 27.5 m. i S.V. retning attende til utgangstaden. Kjøparen får rett til

[1]) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova).
[2]) Har nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/8 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»
[3]) Om nokon av grannane eller partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova).
[4]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova).

Rett kopi bekreftes [signature]
STATENS KARTVERK

D2

nausttomt like nedanfor sin kjöpte eigedom, som var semja om og påvist av seljar og godteke av kjöpar og för ein storleik på 5 x 8 m.

Seljaren godtek dette med den utpeika nausttomt.

For seljarane:

Astrid Skorpenes.

STATENS KART...

1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert bytt? Nei

2. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv? Nei

3. Er det jordbruk med fjellvidd, fjellvatn, elvar og bekkjer i den eigedomen som vert bytt? Nei

4. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje fjellvidd som trengst for bruket? Nei

Vert det svara ja på spørsmål 1 og nei på spørsmål 2, eller ja på spørsmål 3 og nei på spørsmål 4, så lyt ein dessutan svara på dei spørsmåla som no kjem:

5. Har heradstyret samtykt i skyldskiftet?

6. Eller held skyldskiftemennene det for greitt at den fråskilde luten er esla til dyrkingsjord eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre føremål av same slaget? Byggetuft

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i lov om odels- og åsætesretten frå 26. juni 1821?

*Vi vitnar:*

a) ~~At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel har vi samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på den måten, at~~

~~me di vi har funne vidare utbyting gagnlaus.¹)~~

b) At kvart bruk har fått så lagleg skap for verning og drift som det er hove til.

Skylda på de~~n~~ fråskilde lut~~en~~ vart sett til 0.01

Attverande skyld på hovudbølet er 0.17

Den fråskilde luten fekk bruksnamnet²) Vietun

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber:³)
Kjøparen.

¹) Stryk det som ikkje skal vera.
²) Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til ættenamn, om ikkje namnet høyrer til dei som er heller vanlege (sm. lov frå 9/2 1923 nr. 2. § 21).
³) Når det ikkje er opplyst og ingen av partane seier at det er gjort avtale om kven som skal bera kostnaden med skyldskiftet, skal mennene her ta inn avgjerd om korleis partane skal byta kostnaden seg-imellom.

D2

Partane fekk opplysning om, at er dei misnøgde med den skylda som her er sett eller med det markeskilet som er fastslege, kan dei anka skyldskiftet til overskjøn, men at ankeutsegn då lyt vera hjå sorenskrivaren seinast tre månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Vi sanner, at vi har gjort tenesta etter beste skjøn og overtyding og etter skjønsmannslovnaden vår.

Vi har fastsett, at Severin M. Håtuft skal syta for å få skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

S. M. Håtuft Kr. Husø O. J. Dale.

Godteke til tinglysing 11. juli 1951.

For sorenskriveren
Nelly Bell, Knudsen.

STATENS KARTVERK

Tinglyst på

Den fråskilde lut har fått g.nr. 41 b.nr. 41

For tinglysinga kr.